

Høyringsvar til rapporten "Gjennomgang av NRKs eksisterende tjenester på nye medieplattformer" frå Medietilsynet.

Noregs Mållag og Kringkastingsringen viser til høyringsbrev dagsett 25. august 2010. Vi har lese rapporten frå Medietilsynet og vil knyta nokre generelle kommentarar til inkluderinga av dei nye medieplattformene i allmennkringkastaroppdraget, fyrst og fremst nyhendetenestene.

I § 14 d i vedtektene heiter det at *"NRKs tilbud skal i hovudsak bestå av norskspråklig innhold. Begge de offisielle målformene skal benyttes. Minst 25 pst. av innholdet skal være på nynorsk"*.

Dei nye vedtektene frå juni 2009 inkluderer m.a. Internett slik at også dette tilbudet fell inn under kravet til veksling mellom nynorsk og bokmål. Det uroar oss såleis at verken orda "nynorsk" eller "språk" er nemnde i rapporten frå Medietilsynet, med unnatak av éin stad der eit samisk tilbud er omtalt. Å spegla språkmangfaldet i Noreg er ei viktig oppgåve som er knytt til allmennkringkastaroppdraget.

www.nrk.no

Nettstaden nrk.no er blant dei viktigaste nyhendestadene på nett, saman med nettstadene frå dei største riksavisene. I lang tid har nynorsk vore nærast fråverande på hovudsida, og dei gongene ei sak skriven på nynorsk er å sjå, er det ei sak frå eit distriktskontor som har fått plass. I sakene frå Marienlyst får vi inntrykk av at bokmål er einerådande i nyhendeformidlinga på nett.

I det siste har også NRK Hordaland teke til å bruka mest berre bokmål i nettartiklane sine. Dei har vore blant distriktskontora som har dempa bokmålsinntrykket frå sentralt hald med saker på nynorsk no og då. Dersom strategien er at distriktskontora skal yta eit viktig tilskot til at NRK oppfyller språkkravet på nett, undrar det oss at språkpolitikken ved eit av dei større (tradisjonelt) delvis nynorskbrukande distriktskontora ikkje i større grad er definert og styrt.

Vi stiller også spørsmål ved kvifor ikkje NRK har tekniske løysingar som i større grad overvakar og dermed styrer vekslinga mellom nynorsk og bokmål på nettet. Det synest naturleg å knyta kontroll- og oppfølgingsrutinar til dei viktige krava NRK skal etterleva.

www.nrksuper.no

NRK Super har hatt fleire møte med Noregs Mållag og Kringkastingsringen dei siste par åra, der vi har drøfta den låge nynorskprosenten i programtilbodet for barn og unge. Vi opplever vilje til å bli betre og ser også resultat av tiltak som er sette i gang, sjølv om det er langt att.

Men NRK Super har også eit nettilbod, og der må vi oppsummera at svært lite er gjort. I nyhendetilbod til borna finn vi nok ein gong berre bokmålsaker. På desse sidene tilbyr NRK stoff til elevar frå heile landet som har både bokmål og nynorsk som opplæringsmål. Det er svært uheldig at nynorskelevane ikkje får møta hovudmålet sitt dersom dei vel å bruka NRK som kjelde for kunnskap om saker i media. På dei andre barnesidene er det glimt av nynorsk, men tilbudet er langt frå tilfredsstillande.

Konklusjon

Noregs Mållag og Kringkastingsringen etterlyser ein tydelegare språkpolitikk på NRKs nettsider, som synleggjer nynorsk i nyhendestoffet. Over tid vil det vera vanskeleg å forsvare at tenester på nye medieplattformer skal lisensfinansierast, dersom språkmangfaldet i Noreg systematisk vert prioritert ned.

Venleg helsing

Noregs Mållag

Håvard B. Øvregård
leiar

Kringkastingsringen

Martin Toft
leiar